



«Mottakernavn»

«Adresse»

«Postnr» «Poststed»

«Kontakt»

Saksbehandlar, innvalstelefon

Ragnhild Redse Mjaaseth, +4775547991

## Melding om oppstart av verneprosess for Reinvikgrotta naturreservat - Sørfold kommune

Statsforvaltaren i Nordland melder med dette oppstart av arbeidet med vern av Reinvikgrotta naturreservat. Vi sender ut denne meldinga for å få synspunkt og sikre medverknad før det lagast eit konkret verneforslag for området. Vi vil gjerne ha synspunkt på blant anna grenser, brukarinteresser og naturverdiar.

### Vi melder oppstart for følgjande område:

| Område                      | Kommune | Areal (daa) | Berørte eigedommar     |
|-----------------------------|---------|-------------|------------------------|
| Reinvikgrotta naturreservat | Sørfold | 209         | 9/6, 9/7, 9/12 og 9/16 |

Oversiktskart over området er vedlagt.

### Bakgrunn

Vi har fått i oppdrag frå Miljødirektoratet om å starte prosessen med å opprette nye verneområde. Oppdraget er forankra i Stortingsmelding 14 (2015-16) og skal supplere det eksisterande vernet i Norge med verdifull natur som er dårleg representert. Norge har gjennom medlemskap i FN-konvensjonen for biologisk mangfald forplikta seg til å ta vare på eit representativt utval av alle naturtypar og dermed sikre leveområde for alle plantar, dyr og insekt. Det er særleg natur som er trua av utbygging eller endra bruk, og der det lever sjeldne eller trua arter eller viktige områder for større bestandar, som vi ønskjer å sikre gjennom nytt vern. Tap av natur og naturmangfald er ein av dei største truslane verda står overfor i dag. Områdevern etter naturmangfoldloven er eit langsiktig verkemiddel som kan bidra til å sikre viktige områder for naturmangfaldet i Norge. Grotter er ein naturtype som er underrepresentert i vern i dag. Denne naturtypen er svært sårbar mot påverknad og øydelegging.

### Lovverk

Proessen med vern vil følgje naturmangfoldlova §§ 41 – 43, og i samsvar med forvaltningslova sine saksbehandlingsreglar kap. IV – VI, og §§ 37. Eit vedtak om vern er etter desse reglane eit enkeltvedtak. Naturmangfoldlova §§ 41 – 43 har eit omfattande krav til blant anna tidleg informasjon til aktuelle grunneigarar, organisasjonar og offentlege instansar. Forvaltningslova § 17 krev også plikt til å greie ut konsekvensane ved eit vern.



Kunnskapsgrunnlaget må vere best mogleg, jf. naturmangfoldlova § 8. For deg som grunneigarar/rettshavarar inneber dette at vi gjennom heile prosessen vil vere opne for foreløpige synspunkt og spørsmål om vernesaka.

### **Områdeskildring og verneverdiar**

Reinvikgrotta er ei nyoppdaga grotte med svært lite slitasje så langt. Den ligg på nordsida av Leirfjorden i Sørfold kommune, og inneheld dyrerestar, gammal dryppstein (så langt datert til siste mellomistid), sediment og har godt utvikla morfologi. Grotta vart midlertidig verna 5. juni 2025 for å unngå at den vart øydelagt før eit eventuelt vern. Verneforskrift finst på lovdata: [Forskrift om midlertidig vern av Reinvikgrotta naturreservat, Sørfold kommune, Nordland - Lovdata](#). Inngangane er no stengt for å unngå auka ferdsel i samband med at vi melder oppstart og gjer posisjonen til grotta kjent.

Til no er Reinvikgrotta kartlagt til å vere 10200 meter og er Norges tredje lengste grotte. Denne grotta reknast som svært verneverdig på grunn av den er relativt urørt. Urørte grotter som inneheld dryppstein og sediment er særleg viktig for vitskapen då dei fungerer som eit naturarkiv for kunnskap om korleis klima, fauna, flora og isbrear har utvikla seg gjennom dei siste millionar år.

I dryppstein finn ein tydelege årringar, og tjukkelsen viser korleis kalkstein har vakse år for år. Kalkoppløysinga varierer med temperatur og ulike prosessar i jorda. Dryppvatnet gir derfor indikasjonar om korleis klimaforholda har vore opp gjennom tida. Det er også mykje informasjon lagra i sediment i grottene. Det er vanskeleg å finne sediment på landoverflata i Norge som er eldre enn siste istid. Berre på svært beskytta stader der iserosjonen har vore liten, for eksempel i grotter, har det vore mogleg for eldre sediment å bli bevart fram til vår tid. Sedimentoverflatene i grottene fungerer som eit slags naturarkiv som kan vise korleis miljøet har endra seg over tid. Men det føreset at grotta er urørt.

### **Erstatning for skog**

Statsforvaltaren ønskjer å verne heile arealet over grotta for å sikre verdiane i heile grotta og ikkje berre inngangane. Det er ein del bjørkeskog på overflata over grotta som inngår i verneforslaget. Statsforvaltaren har derfor hatt møte med grunneigarane i forkant av oppstart for å informere om at vi ønskjer å verne denne grotta, og Allskog var med for å informere om ordninga med frivillig vern. Det er inngått ein skriftleg avtale mellom skogeigarane og staten for arealet som ligg over Reinvikgrotta og skogeigarane har gitt løyve til at arbeidet med verneplanen kan setjast i gang. Før vernevedtaket vil ein avtale om erstatning forhandlast fram mellom grunneigarane og staten. Vedlagt kart viser ei foreløpig avgrensing av Reinvikgrotta naturreservat.

### **Verneform**

Aktuell verneform vil vere naturreservat (§ 37 i naturmangfoldlova). Dette inneber eit strengt vern med forbod mot fysiske inngrep og motorferdsel. Ei framtidig verneforskrift vil blant anna regulere tiltak som kan endre verneverdiane angitt i verneformålet. Naturreservat har som føremål å verne område som inneheld trua, sjeldan eller sårbar natur eller på anna måte har særleg betydning for biologisk mangfald. Det kan også vere område med spesielle geologiske førekomstar eller som har særskilt naturvitskapeleg verdi. Tradisjonelt friluftsliv, jakt, bær- og matsopplukking og beiting vil vere tillate. Vedhogst til hyttene i området var tatt opp på møtet med grunneigarane, og dette vart avklart at det kan fortsette som før, enten gjennom søknader som godkjennast for 5-10 år fram i tid eller at det er direkte opning for uttak av ved i verneforskrifta. Fordi det er bevaring av grotta som vil vere hovudføremålet kan praksis når det gjeld vedhogst bli noko meir liberal enn ved eit tradisjonelt skogvern.



## Vidare prosess

- 1) Oppstartsmelding sendast ut og offentliggjørast. Høyringsperioden for denne sluttar 10. april 2026.
- 2) Statsforvaltaren utarbeider eit verneforslag med utkast til vernekategori, avgrensing, og verneforskrift ut frå føremålet med vernet. Dette skjer på grunnlag av opplysningar om verneverdiar, innkomne innspel og drøftingar med dei som er berørt, samt andre omsyn i området. Dette kvalitetssikrast av Miljødirektoratet.
- 3) Verneforslaget kjem på høyring lokalt og sentralt.
- 4) Statsforvaltaren oppsummerer og svarar ut alle høyringsinnspel og gjer eventuelle endringar i verneforslaget.
- 5) Statsforvaltaren sender fagleg tilråding til Miljødirektoratet. Miljødirektoratet vurderer tilrådinga og utarbeider innstilling til Klima- og miljødepartementet med framlegg til verneforskrift og avgrensing.
- 6) Klima- og miljødepartementet samordnar tilrådinga med andre aktuelle departement og forbereder saka for behandling i regjeringa.
- 7) Vernevedtak av Kongen i statsråd gjennom kongeleg resolusjon.

## Innspel til oppstartsmeldinga

I samsvar med § 42 i naturmangfoldlova skal grunneigarar, rettshavarar, kommunar og andre få ein rimeleg frist til å kome med innspel og merknadar til planarbeidet før det utformast eit verneforslag. Vi vil gjerne ha synspunkt på verneplanen både når det gjeld grenser, brukarinteresser og naturverdiar. Vi ønskjer medverknad som kan bidra til gode løysingar for både bruk og vern.

Eventuelle kommentarar til oppstartsmeldinga og innspel til verneplanarbeidet kan sendast skriftleg til Statsforvaltaren i Nordland, Postboks 1405, 8002 Bodø eller [sfnopost@statsforvalteren.no](mailto:sfnopost@statsforvalteren.no) innan **10. april 2026**.

Melding om oppstart blir sendt til berørte grunneigarar, kommunar og aktuelle organisasjonar med fleire, sjå adresseliste. Vi ber om å bli kontakta ved feil eller manglar i adresselista.

Planarbeidet vil bli kunngjort i Avisa Nordland. Saka vil også bli lagt ut på Statsforvaltaren si nettside [Statsforvalteren i Nordland](#) under [Høringer | Statsforvalteren i Nordland](#).

Ved eventuelle spørsmål eller ønske om meir informasjon, ta kontakt med Ragnhild Redse Mjaaseth, e-post: [ragnhild.redse.mjaaseth@statsforvalteren.no](mailto:ragnhild.redse.mjaaseth@statsforvalteren.no), tlf. 75 54 79 91, eller Åsmund Andersen, e-post: [asmund.andersen@statsforvalteren.no](mailto:asmund.andersen@statsforvalteren.no), tlf. 75 53 15 97.

Med helsing

Bjørn Godal (e.f.)  
avdelingsdirektør

Tore Vatne  
seksjonsleder

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Vedlegg:

1

Reinvikgrotta



## Mottakerliste:

|                                    |                             |      |              |
|------------------------------------|-----------------------------|------|--------------|
| SØRFOLD KOMMUNE                    | Strandveien 2               | 8226 | STRAUMEN     |
| ALLSKOG SA                         | Ingvald Ystgaards veg 13A   | 7047 | TRONDHEIM    |
| NORDLAND FYLKESKOMMUNE             | Postboks 1485 Fylkeshuset   | 8048 | BODØ         |
| STAIGJO OG HABMER                  | Hamarøyveien 1617           | 8260 | INNHAVET     |
| REINBEITEDISTRIKT                  |                             |      |              |
| SAMEDIGGI / SAMETINGET             | Ávjovárgeaidnu 50           | 9730 | KARASJOK     |
| STATSKOG SF                        | Postboks 63 Sentrum         | 7801 | NAMSOS       |
| NORGES VASSDRAGS- OG               | Postboks 5091 Majorstua     | 0301 | OSLO         |
| ENERGIDIREKTORAT (NVE)             |                             |      |              |
| LINEA AS                           | Postboks 702                | 8654 | MOSJØEN      |
| FORUM FOR NATUR OG FRILUFTSLIV I   | Eiaveien 5                  | 8208 | FAUSKE       |
| NORDLAND                           |                             |      |              |
| STATENS VEGVESEN                   | Postboks 1010 Nordre Ål     | 2605 | LILLEHAMMER  |
| Helgeland Skogselskap              | Tjøttaveien 300             | 8804 | SANDNESSJØEN |
| STIFTELSEN NORSK INSTITUTT FOR     | Postboks 5685 Torgarden     | 7485 | TRONDHEIM    |
| NATURFORSKNING NINA                |                             |      |              |
| POLARSIRKELEN FRILUFTSRÅD,         | Movegen 24                  | 8700 | NESNA        |
| KOMMUNALT OPPGAVEFELLESSKAP        |                             |      |              |
| DEN NORSKE TURISTFORENING          | Youngstorget 1              | 0181 | OSLO         |
| BODØ OG OMEGNS TURISTFORENING      | Storgata 13                 | 8006 | BODØ         |
| NORGES JEGER- OG FISKERFORBUND     | Postboks 94                 | 1378 | NESBRU       |
| NORGES MILJØ- OG BIOVITENSKAPELIGE | Postboks 5003               | 1432 | ÅS           |
| UNIVERSITET (NMBU)                 |                             |      |              |
| KORKEN BEITELAG                    | Engan                       | 8264 | ENGAN        |
| NORSK BIOLOGFORENING (BIO)         | Postboks 1066 Blindern      | 0316 | OSLO         |
| FAUSKE OG SØRFOLD JEGER OG         | Postboks 34                 | 8232 | STRAUMEN     |
| FISKERFORENING                     |                             |      |              |
| LEIRFJORDEN GRENDELAG              | c/o Ann Katrin Sætrevik     | 8264 | ENGAN        |
|                                    | Leirfjordveien 270          |      |              |
| DIREKTORATET FOR                   | Ladebekken 50               | 7066 | TRONDHEIM    |
| MINERALFORVALTNING MED             |                             |      |              |
| BERGMESTEREN FOR SVALBARD          |                             |      |              |
| NATURVERNFORBUNDET I NORDLAND      | c/o Frode Solbakken         | 8646 | KORGEN       |
|                                    | Baklandsveien 152           |      |              |
| NORGES NATURVERNFORBUND            | Mariboës gate 8             | 0183 | OSLO         |
| NORSK BONDE- OG SMÅBRUKARLAG       | Akersgata 41                | 0158 | OSLO         |
| NORDLAND REINDRIFTSAMER            | c/o Ragnhild Sparrok Larsen | 8685 | TROFORS      |
|                                    | Austfliplingdalsvegen 490   |      |              |
| SALTO BIHTESAMIID SEARVI - SALTEN  | c/o June Johannessen Østre  | 8110 | MOLDJORD     |
| PITESAMISKE FORENING               | Beiarveien 464              |      |              |
| ÁRRAN JULEVSÁME GUOVDÁSJ AS        | Postboks 4                  | 8271 | DRAG         |
| RAANEN SAEMIEH                     | Øverdalsveien 36            | 8617 | DALSGRENDA   |
| NORSK FRILUFTSLIV                  | Postboks 9215 Grønland      | 0134 | OSLO         |
| NORGGA SÁMIID RIIKKASEARVI -       | Bredbuktnesveien 50B        | 9522 | KAUTOKEINO   |
| NORSKE SAMERS RIKSFORBUND NSR      |                             |      |              |
| NORGES BONDELAG                    | Postboks 9354 Grønland      | 0135 | OSLO         |



|                                                              |                                                                  |      |             |
|--------------------------------------------------------------|------------------------------------------------------------------|------|-------------|
| NORSK ZOOLOGISK FORENING                                     | Postboks 102 Blindern                                            | 0314 | OSLO        |
| NORGES ORIENTERINGSFORBUND                                   | Postboks 5000                                                    | 0840 | OSLO        |
| NHO REISELIV NORD-NORGE                                      | Postboks 448                                                     | 9255 | TROMSØ      |
| VISIT HELGELAND AS                                           | Postboks 1325                                                    | 8602 | MO I RANA   |
| KS-KOMMUNESEKTORENS<br>ORGANISASJON                          | Postboks 1378 Vika                                               | 0114 | OSLO        |
| RIKSANTIKVAREN                                               | Postboks 1483 Vika                                               | 0116 | OSLO        |
| GEOFORUM NORDLAND                                            | c/o Kartverket Nordland v/<br>Christian Malmquist Storgata<br>5B | 8006 | BODØ        |
| NORSK ORKIDEFORNING                                          | c/o Anne Lise Nevøy<br>Ullandhaugleitet 22                       | 4021 | STAVANGER   |
| NORSK BERGINDUSTRI                                           | Postboks 7072 Majorstua                                          | 0306 | OSLO        |
| NIBIO - NORSK INSTITUTT FOR<br>BIOØKONOMI                    | Postboks 115                                                     | 1431 | ÅS          |
| FORSVARSBYGG                                                 | Postboks 405 Sentrum                                             | 0103 | OSLO        |
| FRILUFTSRÅDENES LANDSFORBUND                                 | Christian Krohgs gate 10                                         | 0186 | OSLO        |
| STATKRAFT AS                                                 | Postboks 200 Lilleaker                                           | 0216 | OSLO        |
| SPRÅKRÅDET                                                   | Postboks 1573 Vika                                               | 0118 | OSLO        |
| NORGES SKOGEIERFORBUND                                       | Postboks 1438 Vika                                               | 0115 | OSLO        |
| NORGES GEOLOGISKE UNDERSØKELSE                               | Postboks 6315 Torgarden                                          | 7491 | TRONDHEIM   |
| MILJØDIREKTORATET                                            | Postboks 5672 Torgarden                                          | 7485 | TRONDHEIM   |
| NORDLAND SAU OG GEIT                                         | Baklandsveien 166                                                | 8646 | KORGEN      |
| NORSKE REINDRIFTSAMERS<br>LANDSFORBUND                       | Postboks 508                                                     | 9255 | TROMSØ      |
| LANDBRUKSDIREKTORATET                                        | Postboks 56                                                      | 7701 | STEINKJER   |
| STATNETT SF                                                  | Postboks 4904 Nydalen                                            | 0423 | OSLO        |
| NORGES IDRETTSFORBUND OG<br>OLYMPISKE OG PARALYMPISKE KOMITÉ | Postboks 5000                                                    | 0840 | OSLO        |
| NORSK ORGANISASJON FOR<br>TERRENGSYKLING                     | c/o Lars Thomte<br>Skundbergjordet 17A                           | 2834 | RAUFOSS     |
| NORSK SAU OG GEIT                                            | Postboks 104                                                     | 1431 | ÅS          |
| NORGES MILJØVERNFORBUND                                      | Postboks 593                                                     | 5806 | BERGEN      |
| NTNU VITENSKAPSMUSEET                                        | Erling Skakkes gate 47                                           | 7012 | TRONDHEIM   |
| NORGES HANDIKAPFORBUND                                       | Postboks 9217 Grønland                                           | 0134 | OSLO        |
| NORSK INDUSTRI                                               | Postboks 7072 Majorstuen                                         | 0306 | OSLO        |
| ALLSKOG SA                                                   | Ingvald Ystgaards veg 13A                                        | 7047 | TRONDHEIM   |
| FORSVARET                                                    | Postboks 800, Postmottak                                         | 2617 | LILLEHAMMER |
| NATURHISTORISK MUSEUM                                        | Sars' gate 1                                                     | 0562 | OSLO        |
| BIRDLIFE NORGE AVD. NORDLAND                                 | c/o Thomas Johansen<br>Dronningens gate 51                       | 8514 | NARVIK      |
| STIFTELSEN WWF VERDENS<br>NATURFOND                          | Pilestredet 8                                                    | 0180 | OSLO        |
| NATUR OG UNGDOM                                              | Postboks 34 Torshov                                              | 0412 | OSLO        |
| NORSK BOTANISK FORENING                                      | c/o Naturhistorisk museum<br>Postboks 1172 Blindern              | 0318 | OSLO        |
| KOMMUNAL- OG<br>DISTRIKTSDEPARTEMENTET                       | Postboks 8112 DEP                                                | 0032 | OSLO        |
| NORDLAND BONDE- OG<br>SMÅBRUKARLAG                           | c/o Per-Anton Nesjan<br>Gullsvågveien 10                         | 8984 | VEGA        |



|                              |                                  |      |             |
|------------------------------|----------------------------------|------|-------------|
| HELGELAND KRAFT AS           | Postboks 702                     | 8654 | MOSJØEN     |
| HELGELAND KRAFT VANNKRAFT AS | Postboks 702                     | 8654 | MOSJØEN     |
| SMÅKRAFT AS                  | Postboks 2389,<br>Solheimsviken  | 5824 | BERGEN      |
| MIP MILJØKRAFT AS            | Postboks 500                     | 8601 | MO I RANA   |
| OMYA HUSTADMARMOR AS AVD     | Sjøvegen 69                      | 6440 | ELNESVÅGEN  |
| HAMMERFALL DOLOMITT          |                                  |      |             |
| ARVA AS                      | Postboks 1410                    | 8002 | BODØ        |
| INDRE SALTEN ENERGI AS       | Postboks 4                       | 8201 | FAUSKE      |
| TELENOR TOWERS AS            | Postboks 800                     | 1331 | FORNEBU     |
| KYSTVERKET                   | Postboks 1502                    | 6025 | ÅLESUND     |
| Aud Inger E Simenstad        | Vottestadvegen 10                | 2608 | Lillehammer |
| Terje Israelsen              | Jernkisvegen 7                   | 7089 | Heimdal     |
| Tor Agnar Storåker           | Strøksnesveien 98                | 8264 | Engan       |
| Sissel Nedregård             | Unnliveien 7                     | 8023 | Bodø        |
| Knut Harald Larsen           | Smiveien 12                      | 8226 | Straumen    |
| Anne Merete Kamfjord         | Smiveien 12                      | 8226 | Straumen    |
| NORSK GROTTFORBUND           | c/o Rana Museum Midtre<br>gate 1 | 8624 | MO I RANA   |
| UNIVERSITETET I BERGEN       | Postboks 7800                    | 5020 | BERGEN      |